



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 970 46 500

Telefaks

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

UGGDAL, 25.09.2019

Saksnr.
19/228

Dok.nr
5480/19

Arkivkode
654

Avd/Sek/Saksh
TK//STDAL

Dykkar ref.

NVE - FORSLAG TIL EI NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT

Tysnes kommune har tidlegare utala seg til NVE om arbeidet med «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft». Tidlegare i arbeidet spurde NVE etter innspel om nasjonale interesser i samband med vindkraftutbygging.

I samsvar med innstilling frå rådmannen, blei følgjande vedteke i formannskapet 25.10.2018:

«Tysnes formannskap syner til saksutgreiinga og rår til at Tysnes vert tekne ut av det vidare arbeidet med plan for nasjonal ramme for vindkraft på land.»

Kommunestyre handasama rapport med framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. I sitt møte 24. september 2019, sak 44/19. Kommunestyre vedtok slik uttale:

«Tysnes kommune vil kome med innspel om Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) sitt forslag til nasjonal ramme og om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg.

NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft i Noreg

Tysnes kommune vurderer rapporten frå NVE til å ha klare veikheter. Problema med rapporten starter allereie med oppdraget Olje- og energidepartementet ga til NVE. I oppdraget står det av NVE skal finne fram til gode område for vindkraftutbygging, kor det ikkje er behov for investeringar i kraftnettet. Dette gjer at planen til nasjonal ramme for vindkraft sviktar på fleire område, og det gjer den svært lite framtidsretta. Tysnes kommune meiner at ei nasjonal ramme for vindkraft burde ha eit framtidsretta fokus for å kunne fungera som ei nasjonal ramme i fleire år framover. Kommunen meiner derfor at òg område kor det vil krevjast investeringar i kraftnettet bør vurderast. På dei plassane rapporten slår fast at det i dag finst flaskehalsar i kraftnettet vil vidare utbygging av kraftnettet etter kvart tvingast fram, uavhengig av vindkraftutbygging. Rapporten til NVE burde lagt dette til grunn og forsøkt å finne dei områda i landet som er for best egna til vindkraft, heller enn dei områda som har best nettkapasitet til å

handtera vindkraftproduksjon per dags dato.

Tysnes kommune er derfor ueinig i vektlegginga på ulike variablar som er gjort i rapporten. Rapporten ber preg av at det viktigaste i arbeidet har vore god kapasitet i kraftnettet, og at alle andre faktorar er vurdert opp mot dette. Dette fører til at rapporten berre til en viss grad gjer justeringar i forhold til dei analysane Miljødirektoratet og Riksantikvaren har gjort. Tysnes kommune er kritisk til at NVE stiller seg over dei som kan fagområda best.

Vidare er kommunen kritisk til at NVE berre har fått støtte utanfrå til å skrive nokre av temarapportane. Det er bra at NVE, på enkelte område, har henta inn kompetanse frå ulike aktørar som har eit større kunnskapsgrunnlag enn dei sjølve. Det er likevel kritikkverdig at dette ikkje er gjort på alle områda som ligger utanfor NVE si kjerneverksemd. Det må vera lov å anta at det finst organisasjonar innanfor sivil luftfart, reiseliv, vêrradarar og naboverkingar som har breiare kompetanse og betre føresetnader for å gjere gode og fagleg sterke vurderingar på desse fagområda enn kva Noregs vassdrag- og energidirektorat har.

Tysnes kommune er vidare kritisk til den handsaminga som er gjort av innspel som kom inn til NVE i høyringsrunden som blei gjennomført i det innleiande arbeidet med rapporten. I rapporten står det at «Mye av informasjonen i innspillene var på et detaljeringsnivå som innebar vi ikke kunne vektlegge informasjonen». Sidan rapporten konkluderer med relativt små innsirkla område på eit kart, i tillegg til små kvadrat som avgjer om eit område er ekskludert eller ikkje, burde det vera nettopp detaljinformasjon som var det interessante.

Måten det berre blir ramsa opp kven som har sendt inn innspel, meiner Tysnes kommune ikkje er godt nok arbeid. Dette tyder på at det ikkje er gjort gode vurderingar av dei innspela som er komne inn, og ein kan spørje seg om kvifor det i det heile tatt blei bedt om at lokale og regionale mynde og interesseorganisasjonar skulle bruke tid og ressursar på å kome med innspel i det innleiande arbeidet. At Tysnes kommune sitt innspel om å trekke Tysnes ut av analyseområdet ikkje er nemnt i rapporten i det heile tatt, er eit teikn på dette.

Tysnes kommune vil påpeike kor viktig det er at lokale mynde blir lytta til i saker som angår kommunen. I arbeidet med vindkraftutbygging er det snakk om arbeid som gjer uoppretteleg skade på naturen og ein bruk av kommunen sine areal som vil vare i uoverskodeleg framtid. Derfor er det svært viktig for kommunen å kunne ha ei sentral rolle i å bestemme kor det skal, og kor det ikkje skal liggje vindkraftverk.

Tysnes kommune meiner vidare at rapporten slit med å vera overordna nok, samstundes som han heller ikkje er så detaljert som han prøver å vera. Rapporten er ikkje overordna nok fordi han legg opp til å finne nokre spesifikke område som kan sirklas inn på eit kart, heller enn å lage eit nasjonalt rammeverk. Samstundes blir rapporten avgrensa både av mandatet frå Olje- og energidepartementet og avgrensingane som er gjort når

det blei valt 43 analyseområde.

Rapporten er på den andre sida heller ikkje detaljert nok. Når det blir laga ein nasjonal plan som vel å peike ut 13 område i landet som eigna for vindkraftutbygging, burde det kunne forventast at det, i alle fall innanfor desse områda, er gjort detaljerte vurderingar. Sidan planen prøver å vera detaljert nok til å kunne sei at desse 13 områda er dei som er best eigna, burde det vera gjort gode og detaljerte vurderingar som tar omsyn til alle kjente faktorar og lokale forhold. I staden vel rapporten å leggje bort innspel frå lokale og regionale aktørar fordi dei blir for detaljerte. Når det fyrst er peika på 13 forholdsvis små område blir det for enkelt berre å overlate resten av arbeidet til eventuelle konsesjonsbehandlingar.

Rapporten sine konsekvensar for Tysnes kommune

Som i høyringsuttalen i det innleiande arbeidet med den nasjonale ramme for vindkraft, er Tysnes kommune fortsatt tydeleg på at områda som blir peikt på i rapporten frå NVE ikkje er eigna for vindkraftutbygging. Det er fleire årsaker til dette.

Ferjefri E39

I «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft» frå NVE er store areal vest på Reksteren utpeika som eigna for framtidig vindkraftutbygging. I dei ulike traséalternativa som er aktuelle for ferjefri E39 mellom Stord og Os, er vegen planlagt over vestsida av Reksteren. Både traséval B og F vil, i stor grad, vera i konflikt med eventuell vindkraftutbygging her. Denne vegen vil og vera i konflikt med vindkraft vidare sørover langs vestsida av Tysnes. Alternativ F, som tek til orde for at vegen skal kryssa Langenuen langt Sør, vil vera i vegen for vindkraft vest på Tysnes, heilt ned til Hodnaneset.

Sunnfast og Huglosambandet

Kommunestyret i Tysnes kommune har saman med Kvinnherad og Stord starta arbeidet med å sjå på mogeligheita for å skape eit ferjefritt fylkesvegsamband som skal knytte Kvinnherad og Huglo saman med E39 på Tysnes. Dette prosjektet vil gjere store delar av sørlege Tysnes utilgjengeleg for vindkraftutbygging.

Planen for fastsamband til Huglo ligg inne i vedtatt kommunedelplan og gjer spesielt Skorpo, svært lite aktuell for vindkraftproduksjon. Tysnes kommune er tydelig på at det må tas omsyn til kommunale planar i arbeid med vindkraftutbygging.

Friluftsområde

Kommunen si kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde:

Som i den førre høyringsrunden vil Tysnes Kommune vera tydelig på at store delar av kommunen er i bruk som friluftslivsområde. Det kjem, som det blei gjort greie for i den førre høyringsuttalen, fram av kommunen si kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde at store delar av naturen i kommunen er i bruk for jakt, friluftsliv og

rekreasjon. Dette er verdifulle område for innbyggerane i kommunen, og for mange ein viktig årsak til å villa bli buande, eller til å busetje seg på Tysnes. Ei massiv utbygging og rassering av naturområda i Tysnes kommune vil utvilsamt få uvurderleg store negative konsekvensar for lokalsamfunnet her.

Ser ein på kartet frå kommunen si kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde ([lenke](#)) opp mot NVE sitt forslag til ramme for vindkraft, ser ein at store delar av områda som er foreslått i dag er viktige friluftslivsområde. NVE-rapporten forklarer at dei er klar over dette, men at det ikkje er tatt omsyn til, på grunn av gode økonomisk-tekniske forhold. Denne arrogansen er Tysnes kommune svært kritisk til. Det er viktig for kommunen å kunne forvalte sine egne areal. Ei uoppretteleg øydelegging av naturen kan ikkje sameinast med kommunen sitt ønske om å oppretthalda gode turmoglegheiter og ein natur som innbyggerane kan vera stolt av.

Tysnes kommune har, gjennom den framtidige utbygginga av E39, allereie overgitt store naturområde til fordel for storsamfunnet sine beste interesser. Gjennom utbygginga av Hordfast, som eit ledd i utbygginga av ferjefri E39, mister Tysnes kommune allereie store friluftslivsområde. Dette er kommunen innforstått med, og godtar planen fordi det har stor betydning for storsamfunnet, i tillegg til at det vil kunne vera verdifult for Tysnes. Dette betyr at naturen på Tysnes, i åra som kjem, blir skadelidande. Derfor er det viktig for Tysnes kommune at resten av naturen får vera i fred, og at storsamfunnet ikkje tar beslag òg i den.

Det må påpeikast at det er område NVE viser til som ikkje er i konflikt med kommunen sitt kart over friluftslivsområder. Dei resterande områda er likevel små, og tvilar på om eventuelle vindkraftverk her vil vera store og lønsamme nok til at dei positive sidene ved vindkraft overgår dei negative konsekvensane.

Naturtypar

Sumaren og hausten 2019 jobbar Fylkesmannen i Vestland, på oppdrag frå Miljødirektoratet, med ei kartlegging av naturtypar innanfor bestemte område i Hordaland og Sogn og Fjordane. Søraustlege delar av Tysnesøya, frå Hodnanes i sør, til Saltkjelen i nord, i tillegg til Skorpo, er ein del av område som blir kartlagd. Fordi dette området i NVE sin rapport er utan store eksklusjonsfelt, bør arbeidet med denne kartlegginga fullførast før det tas stilling til om området eigentleg er egna for vindkraftutbygging.

Frå tidlegare er det påvist at det på Tysnes finst førekomstar av regnskog. Spesielt på Reksteren, men òg på Tysnesøya finst det førekomstar av både rik og fattig boreonemoral regnskog. Se: «[Naturfaglige registreringer av kystfuruskog - Sammenstilling av kartleggingsresultater 2012-2017](#)». På side 33 finst eit kart som viser fattig boreonemoral regnskog, og på side 41 finst eit kart over rik boreonemoral regnskog. Tysnes vert rekna som eit kjerneområde for fattig boreonemoral regnskog. Dette er naturtypar av stor verdi, og det er viktig at det tas omsyn til dette når det blir

laga ei nasjonal ramme for vindkraft.

Det er også verdt å merkja seg at Tysnes kommune også har gjeve frå seg råderett over viktige naturområder til Storsamfunnet, dette gjeld både fuglereservat i Bjørnafjorden og naturreservat Ånuglo. Til alt overmål er det også snakk om å leggja beslag på sjøområde gjennom marin verneplan. Ei storstilt utbygging av vindkraft i kommunen vil også kunna koma i konflikt med desse verneinteressene.

Konklusjon om rapporten sine konsekvensar for Tysnes

Tysnes kommune er ueinig i NVE sin konklusjon om at Tysnes eignar seg for vindkraftutbygging. Gjennom dei ulike resonnementa over, meiner kommunen at det kjem tydelig fram at rapporten ikkje tek høgde for, og/eller vurderer dårleg, viktige faktorar. Tysnes eignar seg ikkje for vindkraftutbygging, og som i førre runde vil kommunen be om at heile Tysnes kommune blir teke ut av ramma for vindkraftutbygging. Tysnes kommune meiner at NVE har gjort ei feil vurdering, om det blei gjort noko vurdering i det heile tatt, då Tysnes ikkje blei lytta til i det innleiande arbeidet med rapporten.

Behovet for ei nasjonal ramme for vindkraft

Tysnes kommune meiner at det kan vera fornuftig å lage ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg, men er ikkje samd i korleis denne er lagt opp i NVE sitt forslag. Det er bra å samle kunnskap om råka interesser i samband med vindkraftutbygging, men kommunen er ueinig i at det er viktig å kunne peike ut spesifikke områder som kan brukast på eit kart. Dette er mellom anna fordi store område blir ekskluderte på grunn av økonomisk-tekniske forhold som ikkje burde vera dei avgjerande. I dei områda det blir peikt på, blir det lagt for stor vekt på kapasitet på transmisjonsnettet, mens andre omsyn blir nedprioritert.

Tysnes kommune meiner derfor at ein nasjonal ramme for vindkraft burde bestå av ein kunnskapsbase (noko i retning av det temarapportane er), i tillegg til nokre generelle kriterium og omsyn som vil vera gjeldande for val av område for vindkraftutbygging. Dersom ramma kunne trekke fram slike omsyn, heller enn å prøve å ringe rundt område på eit kart, ville den på ein god måte kunne gjere det den skal, og sikra like spelereglar over heile landet. Sånn rapporten står no, forsøker han både å vera generell og overordna for heile landet, samstundes som han prøver å vera detaljorientert når han peiker ut område. Dette gjer at rapporten korkje er overordna nok til at han gir eit godt generelt overblikk, eller detaljorientert nok til å ta høgde for alle viktige lokale høve.

For Tysnes kommune er det viktig at det i arbeidet med ein kunnskapsbase hentast inn ekspertar på dei områda som skal drøftast. Ein fagrapport bør skrivast av dei som kan fagfeltet best.

Ei nasjonal ramme for kva som er dei viktige omsyna å ta i arbeid med vindkraftutbygging, i tillegg til ein god kunnskapsbase, vil kunne vera eit godt

utgangspunkt og virka konfliktdempande når det skal bestemast kor framtidas kraft skal produserast.»

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.